



**Rettsbok**

**for**

**Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett**

**Sak nr. 11/2004-12.10**

**Fjelberg prestegard**

**Gnr. 210 i Kvinnherad kommune**

**Påbegynt 30.06.2004**

**Avslutta 12.07.2004**

Den 30.06.2004 ble jordskifterett halde i jordskifterettens lokale på Leirvik i Stord kommune.

**Sak nr.:** 11/2004-12.10 Fjelberg prestegard

**Saka gjeld:** Krav om grensegang etter jordskiftelova § 88.

**Jordskiftedommar:** Oddmund Roalkvam, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd.

**Protokollførar:** Rettsformannen

**Saka er kravd av:** Reidar Aasbø

**Partar:** Reidar Aasbø, eigar av gnr. 210/3  
Berith Synnøve Pedersen, medeigar av gnr. 210/4  
Gerd Lorenze Motland, medeigar av gnr. 210/4  
Ida Marie Valen, medeigar av gnr. 210/4  
Konrad S. Emil Johannesen, medeigar av gnr. 210/4  
Jorunn Avsnes, medeigar av gnr. 210/8  
Atle Thoresen, medeigar av gnr. 210/8  
Svein Thoresen, medeigar av gnr. 210/8  
Tore Thoresen, medeigar av gnr. 210/8  
Solveig Helene Mastad, eigar av gnr. 210/21  
Geir Ivar Aasbø, eigar av gnr. 210/24  
Britt Helen Aasbø Våge, eigar av gnr. 210/25

Eigedomane ligg i Kvinnherad kommune.

**Til stades:** Reidar Aasbø. Solveig Helene Mastad. Evy Aasbø søm møtte for Geir Ivar Aasbø. Britt Helen Aasbø Våge.

Elles møtte avdelingsingeniør Sigurd Huglen frå Haugalandet og

Sunnhordland jordskifterett.

Øvrige partar var lovleg innkalt, men møtte ikkje.

- Til handsaming:**
1. Fremming av saka
  2. Avslutting av saka

På spørsmål frå jordskiftedommaren framkom ingen merknader til innkallinga til møtet eller til rettens samansetjing. Ingen kjende til forhold som tilsa at jordskiftedommaren var inhabil.

**Rettsformannen la fram:**

- Dok. nr. 1. Krav om grensegang, datert 05.04.2004 frå Reidar Aasbø.
- Dok. nr. 2. Melding om motteke krav om jordskifte, vedhefta postverket si kvittering for rekommandert sending.
- Dok. nr. 3. Kopi av skyldskifte for gnr 210 bnr 21, datert 19.07.1971.
- Dok. nr. 4. Semje om grenser, underskriven av Reidar Aasbø, eigar av bnr 3.
- Dok. nr. 5. Semje om grenser, underskriven av Ida Marie Valen, medeigar av bnr 4.
- Dok. nr. 6. Semje om grenser, underskriven av Berith Pedersen, medeigar av bnr 4.
- Dok. nr. 7. Semje om grenser, underskriven av Gerd Motland, medeigar av bnr 4.
- Dok. nr. 8. Semje om grenser, underskriven av Konrad S. Johannesen, medeigar av bnr 4.
- Dok. nr. 9. Semje om grenser, underskriven av Jorunn Avsnes, medeigar av bnr 8.
- Dok. nr. 10. Semje om grenser, underskriven av Tore Thoresen, medeigar av bnr 8.
- Dok. nr. 11. Semje om grenser, underskriven av Svein Thoresen, medeigar av bnr 8.
- Dok. nr. 12. Semje om grenser, underskriven av Atle Thoresen, medeigar av bnr 8.
- Dok. nr. 13. Semje om grenser, underskriven av Geir Ivar Aasbø, eigar av bnr 24.
- Dok. nr. 14. Semje om grenser, underskriven av Britt Helen Aasbø Våge, eigar av bnr 25.
- Dok. nr. 15. Innkalling til rettsmøte den 30.06.2004, datert 01.06.2004.

Dokumenta vart gjennomgått i den utstrekning ein fann grunn til det. Jordskiftedommaren sa ifrå om at denne saka er førebudd for retten av avdelingsingeniør Sigurd Huglen. Dei aktuelle grensestrekningane er gått opp i marka saman med partane. Han sa vidare ifrå om at grensa mot gnr 210 bnr 37 er avgjort i jordskiftesak 1/1996-12.10, og at grensa mot gnr 210 bnr 22 er handsama i sak 29/2003 og at grensa mot gnr 210 bnr 2 skal handsamast i sak 15/1998-12.10. Grensene mot bnr 2, bnr 22 og bnr 37 vert difor ikkje handsama i nærverande sak.

Jordskiftedommaren synte til innkallinga og tok opp til handsaming pkt.

**1. Om sak nr. 11/2004 skal fremmast for jordskifteretten.**

**Rekvirenten, Reidar Aasbø**, eigar av gnr 210 bnr 3, forklarte seg om kravet. Han meinte det var viktig å få klargjort grensene rundt eigedomen sin. Ein del gamle grensemerke er vanskeleg å finne, og det har delvis vore for lang avstand mellom grensepunkta.

Han la ned slik:

**PÅSTAND:**

**Krav om grensegang etter jordskiftelova §88 mellom gnr 210 bnr 3 og eigedomane gnr 210 bnr 4, gnr 210 bnr 8, gnr 210 bnr 21, gnr 210 bnr 24 og gnr 210 bnr 25, vert å fremme i samsvar med kravet, jf dok. nr. 1.**

Det var ingen av dei andre partane som hadde merknader til jordskiftekravet eller fremmingsspørsmålet. På spørsmål frå jordskiftedommaren var det ingen av dei andre partane som hadde noko imot at saka vert fremma.

Jordskifteretten gjorde slikt

**VEDTAK:**

I jordskiftelova §88 1.ledd står det at "*Eigar kan krevje at jordskifteretten i særskild sak skal*

*klarleggje, merkje av og beskrive eigedomsgrensar, grensar for alltidvarande bruksrett eller grensar for offentleg regulering av eigarrådvelde".* Jordskifteretten legg til grunn at det er ingen av partane som har noko imot å få klarlagt grensa mot naboeigedommen, og at det er behov for å få boltsett og kartfesta grensene. Retten vurderer det slik at vilkåra for å fremme denne saka er til stades.

#### SLUTNING:

**Krav om grensegang etter jordskiftelova §88 vert å fremme i samsvar med kravet, jf dok. nr. 1.**

Jordskiftedommaren synte til innkallinga og tok opp til handsaming pkt.

#### **2. Avslutning av saka.**

Avdelingsingeniør Sigurd Huglen gjekk gjennom dei aktuelle grensene punkt for punkt på kart. Han sa i frå om at han oppfatta det slik at det ikkje er tvist blant partane om kor grensa går. Han synte i den samanhengen til semjene som er inngått mellom partane, jf dok. nr. 4-10.

**Rekvirenten, Reidar Aasbø**, eigar av gnr 210 bnr 3, synte til at eigedomsgrensene er blitt gått opp i marka og oppmerka, og at partane på begge sider har vore med på synfaringa og underteikna semjer om grensene. Etter hans syn er grensene no blitt fastlagt i terrenget, og det er ikkje tvist eller uvisse om kor dei går.

Det var ingen av dei andre partane som hadde noko å innvende i forhold til sin del av grensa mot bnr 3 eller til måten å handsame saka på.

Jordskifteretten legg fram:

Dok. nr. 16. Jordskiftkart i målestokk 1:3000 og 1:2000 (utsnitt).

Jordskifteretten gjorde slikt vedtak om

### GRENSEGANG:

#### 1. Partar

Gnr.	Bnr.	Namn	Adresse
210	3	Reidar Aasbø	5148 Fyllingsdalen
210	4	Berith S. Pedersen	4044 Hafrsfjord
210	4	Gerd L. Motland	4019 Stavanger
210	4	Ida M. Valen	5411 Stord
210	4	Konrad S. E. Johannesen	4056 Tananger
210	8	Jorunn Avsnes	5451 Valen
210	8	Atle Thoresen	5451 Valen
210	8	Svein Thoresen	5454 Sæbøvik
210	8	Tore Thoresen	5451 Valen
210	21	Solveig H. Mastad	2214 Kongsvinger
210	24	Geir Ivar Aasbø	5542 Karmsund
210	25	Britt H. Aasbø Våge	4260 Torvastad

#### 2. Grenser

Koordinatane nedanfor refererer seg til NGO 1948 akse 1. Dei oppgjevne avstandane er horisontalmål, og dei oppgjevne retningane baserer seg på 400 graders kompassinndeling (gon) i høve til sant nord.

##### Grense nr. 1

mellom gnr 210, bnr 4

på søndre side

og gnr 210, bnr 3

på nordre side.

Punkt nr.	Punkt-skildring	Retn. (gon)	Lengde (meter)	X-koordinat	Y-koordinat
-----------	-----------------	-------------	----------------	-------------	-------------

Grensa tek til i sjøen så langt ut som privat eigedomsrett går, og går herifrå etter vassdragslova sine reglar til middel høgvatn og vidare med ein retningsvinkel på 308.7 gon til

132	Jsr. bolt i jordf.st.			193654.13	-19782.10
		308.7	20.0		
131	Midt steingard			193656.86	-19801.92
		273.9	12.4		
133	Midt steingard			193651.94	-19813.26
		269.8	17.1		
134	Midt steingard			193644.12	-19828.47
		276.4	7.4		
136	Jsr. bolt i jordf.st.			193641.45	-19835.35

Grensa held fram i same retning til middels høgvatn, og vidare ut i sjøen etter reglane i vassdragslova så langt privat eigedomsrett går, der grensa endar.

### Grense nr. 2

mellom gnr 210, bnr 24

på søre, austre og nordaustre side

og gnr.210, bnr.3

på motsett side.

Punkt nr.	Punkt-skildring	Retn. (gon)	Lengde (meter)	X-koordinat	Y-koordinat
-----------	-----------------	-------------	----------------	-------------	-------------

Grensa tek til i grensa mot bnr 2

162	Jsr. bolt i jord			193753.51	-19789.94
		270.8	9.2		
159	Jsr. bolt i jord			193749.45	-19798.15
		199.6	12.0		
165	Jsr. bolt i jordf.st.			193737.47	-19798.08
		280.0	26.4		
253	Bolt i jordf.st.(kom).			193729.32	-19823.20
		280.6	5.50		
256	Umerka grensepunkt(kom).			193727.67	-19828.45
		175.5	13.3		
251	Bolt i fjell(kom).			193715.33	-19823.45
		152.3	67.1		
252	Bolt i jordf.st.(kom).			193666.15	-19777.76

Grensa held fram i same retning til middels høgvatn, og vidare ut i sjøen etter reglane i vassdragslova så langt privat eigedomsrett går, der grensa endar.

### Grense nr. 3

mellom gnr 210, bnr 25

på austre, søre, vestre og nordre side

og gnr 210, bnr 3

på motsett side.

Punkt nr.	Punkt-skildring	Retn. (gon)	Lengde (meter)	X-koordinat	Y-koordinat
-----------	-----------------	-------------	----------------	-------------	-------------

Grensa tek til i

54	Bolt i fjell(kom).			193688.90	-19917.65
		360.1	37.4		
188	Jsr. bolt jordf.st.			193719.19	-19939.57
		105.6	11.6		
55	Bolt i jordf.st.(kom).			193718.17	-19928.00
		100.9	10.8		
52	Bolt i fjell(kom).			193718.02	-19917.25
		74.8	29.4		
71	Jsr. bolt i jord			193729.36	-19890.10
		206.4	29.4		
53	Bolt i fjell(kom).			193700.11	-19893.04
		272.8	27.0		
54	Bolt i fjell(kom).			193688.90	-19917.65

der grensa endar.

#### Grense nr. 4

mellom gnr 210, bnr 4

på vestre side

og gnr 210, bnr 3

på austre side.

Punkt nr.	Punkt-skildring	Retn. (gon)	Lengde (meter)	X-koordinat	Y-koordinat
-----------	-----------------	-------------	----------------	-------------	-------------

Grensa tek til i sjøen så langt ut som privat eigedomsrett går, og går herifrå etter vassdragslova sine reglar til middels høgvatn og vidare med ein retningsvinkel på 383.9 gon til

180	Jsr. bolt i jordf.st.			193656.16	-19989.62
		383.9	10.8		

183	Jsr. bolt i jordf.st.			193666.61	-19992.32
-----	-----------------------	--	--	-----------	-----------

i grensa mot bnr 21 der grensa endar.

#### Grense nr. 6

mellom gnr 210, bnr 21

på søre, vestre og nordre side

og gnr 210, bnr 3

på motsett side.

Punkt nr.	Punkt-skildring	Retn. (gon)	Lengde (meter)	X-koordinat	Y-koordinat
-----------	-----------------	-------------	----------------	-------------	-------------

Grensa tek til i grensa mot bnr 4

184	Jsr. bolt i fjell			193710.71	-20005.94
		77.1	21.8		

186	Jsr. bolt i jordf.st.			193718.37	-19985.57
-----	-----------------------	--	--	-----------	-----------

		176.3	46.4		
--	--	-------	------	--	--

178	Jsr. bolt i jordf.st.			193675.14	-19968.71
-----	-----------------------	--	--	-----------	-----------

Punkt nr.	Punkt-skildring	Retn. (gon)	Lengde (meter)	X-koordinat	Y-koordinat
-----------	-----------------	-------------	----------------	-------------	-------------

277.9 25.11

183 Jsr. bolt i jordf.st. 193666.61 -19992.32

i grensa mot bnr 4 der denne grensa endar.

Grense nr. 7

mellom gnr 210, bnr 4  
 på vestre og søndre side  
 og gnr.210, bnr.3  
 på austre og nordre side.

Punkt nr.	Punkt-skildring	Retn. (gon)	Lengde (meter)	X-koordinat	Y-koordinat
-----------	-----------------	-------------	----------------	-------------	-------------

Grensa tek til i grensa mot bnr 21

184 Jsr. bolt i fjell 193710.71 -20005.94

369.7 14.7

74 Jsr. bolt i fjell 193723.8 -20012.7

360.4 63.2

193 Jsr. bolt i fjell 193775.1 -20049.5

360.5 95.4

78 Jsr. bolt i fjell 193852.7 -20105.0

361.8 70.3

Punkt nr.	Punkt-skildring	Retn. (gon)	Lengde (meter)	X-koordinat	Y-koordinat
-----------	-----------------	-------------	----------------	-------------	-------------

82	Jsr. bolt i fjell			193910.7	-20144.7
----	-------------------	--	--	----------	----------

		249.9	50.4		
--	--	-------	------	--	--

86	Jsr. bolt i fjell			193875.0	-20180.2
----	-------------------	--	--	----------	----------

		362.5	95.2		
--	--	-------	------	--	--

90	Jsr. bolt i fjell			193954.2	-20233.1
----	-------------------	--	--	----------	----------

i grensa mot bnr 22 der denne grensa endar.

#### Grense nr. 8

mellom gnr 210, bnr 8

på nordre side

og gnr 210, bnr 3

på søndre side.

Punkt nr.	Punkt-skildring	Retn. (gon)	Lengde (meter)	X-koordinat	Y-koordinat
-----------	-----------------	-------------	----------------	-------------	-------------

Grensa tek til i grensa mot bnr 37

505	Jsr. bolt i jord			194146.8	-20370.2
-----	------------------	--	--	----------	----------

		289.7	189.5		
--	--	-------	-------	--	--

144	Jsr. bolt i fjell			194116.3	-20557.2
-----	-------------------	--	--	----------	----------

		288.6	136.6		
--	--	-------	-------	--	--

140	Jsr. bolt i fjell			194092.0	-20691.7
-----	-------------------	--	--	----------	----------

		288.6	53.9		
--	--	-------	------	--	--

Punkt nr.	Punkt-skildring	Retn. (gon)	Lengde (meter)	X-koordinat	Y-koordinat
-----------	-----------------	-------------	----------------	-------------	-------------

148	Jsr. bolt i fjell			194082.4	-20744.6
-----	-------------------	--	--	----------	----------

Grensa held fram i same retning til middels høgvatn, og vidare ut i sjøen etter reglane i vassdragslova så langt privat eigedomsrett går, der grensa endar.

### 3. Sakskostnader.

Jf jordskiftelova §74 og §76

#### Gebyr:

Registreringsgebyr **kr 3700,-**

Partsgebyr **kr 6660,-**

Grenselengdegebyr **kr 2960,-**

Sum gebyr: **kr 13320,-**

Målehjelp (18t a kr 120,-) **kr 2160,-**

Grensemerke **kr 760,-**

**Sum sakskostnader:** **kr 16240,-**

Etter jordskifteretten sitt skjøn skal sakskostnadene fordelast etter den grenselengda kvar eigedom har fått fastlagt i denne saka. Dei som har vore med som målehjelp får godtgjort kr 120,- pr time. Det betyr slik kostnadsfordeling:

Gnr. / bnr.	Eigar	Skal betale kr	Har betalt kr	Skuldar kr	Har til gode kr
108/3	Reidar Aasbø	8120	4420	3700	
108/4	Berith S. Pedersen	703	480	223	
108/4	Gerd L. Motland	703	0	703	
108/4	Ida M. Valen	703	0	703	
108/4	Konrad S. E. Johannesen	703	0	703	
108/8	Jorunn Avsnes	687	0	687	
108/8	Atle Thoresen	687	720		33
108/8	Svein Thoresen	687	0	687	
108/8	Tore Thoresen	687	0	687	
108/21	Solveig H. Mastad	588	240	348	
108/24	Geir Ivar Aasbø	944	0	944	
108/25	Britt H. Aasbø Våge	1028	0	1028	
Sum		16240	5860	10413	33

Dei skuldige beløpa skal betalast til Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett seinast femten - 15 - dagar etter forkynningsdagen. Etter at fristen er gått ut vil summen bli tvangsinn driven, jf. jordskiftelova §91.

#### 4. Forkynning/Anke.

Saka vert forkynt med rekommandert brev til partane vedlagt fullstendig kopi av rettsboka.

Det vert vedlagt ferdig utfylt postgiroinnbetalingskort til den som skuldar pengar.

Ankefristen er ein - 1 - månad frå forkynninga av saka.

### **5. Iverksetjing.**

Saka tek til å gjelde under tvang etter lova.

### **6. Tinglysing.**

Saka skal tinglysast på: Gnr 210 bnr 3, gnr 210 bnr 4, gnr 210 bnr 8, gnr 210 bnr 21, gnr 210 bnr 24 og gnr 210 bnr 25. Alle eigedomane i Kvinnherad kommune.

### **7. Avslutting av saka.**

Jordskiftedomaren gjekk gjennom rettsboka punkt for punkt. Ingen utanom jordskiftedomaren var til stades.

Retten heva.

Stord, 12.07.2004

  
Oddmund Roalkvam

jordskiftedommar